



Møteprotokoll

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Utval:	Fellesnemnd Ullensvang kommune	Møteleiar:	Roald Aga Haug
Møtestad:	Kommunehuset i Jondal		
Møtedato:	06.12.2017		
Tidspunkt:	09:00 - 14:45	Saksnr:	026/17 – 032/17

Følgjande medlemer møtte:

Navn	Parti
Bleie Terje S.	Høyre
Bolstad, Erlend Nævdal	Høyre
Borge Solfrid	Senterpartiet
Brattabø Elin Eide	Høyre
Buer, Anne Marit	Venstre
Børve, Therese Kolltveit	Arbeiderpartiet
Dalseth Reidun Haugen	Kristlig Folkeparti
Espe Hildegunn	Senterpartiet
Grønsnes Kåre Olav	Sosialistisk Venstreparti
Hammer Olav Magnus	Arbeiderpartiet
Haug, Roald Aga	Arbeiderpartiet
Hus Olav B.	Senterpartiet
Jondahl, Linda Haugland	Arbeiderpartiet
Kollbotn, Terje	Rødt

Kråkevik, Anna Maria	Høyre
Larsgard Jon	Senterpartiet
Velure, Amund	Arbeiderpartiet
Vikne, Johnny	Arbeiderpartiet

Følgjande medlemer møtte ikkje:

Navn	Parti
Backer-Owe, Marit	Kristlig Folkeparti

Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Parti
Tokheim, Eivind	Venstre

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Prosjektleder Ingjerd Astad, rådmann i Ullensvang kommune Magnus Steigedal, rådmann i Odda Ole Jørgen Jondahl, rådmann i Jondal Reidar Isdal og ass. rådmann i Jondal Ragnvald Joakimsen (sekr.) møtte.

Andre :

Ingen

Merknader:

Therese Kolltveid Børve fekk permisjon frå kl. 12.15.

Om uttale til Helse Vest i sak om Odda sjukehus.

Ordføraren i Odda fekk samrøystes fullmakt til å utarbeide uttale på vegne av dei tre kommunane.

Arbeidsgruppene for samferdsle og statlege arbeidsplassar informerte om sitt arbeid sidan førre møte.

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er protokollert er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Amund Velure

Anne Marit Buer

Behandla saker:

Saksnr Tittel

026/17	Godkjenning av protokoll
027/17	Investeringsprosjekt i kommunane
028/17	Hovudstruktur arbeidsgrupper for samanslåingsprosjektet
029/17	Mandat for overordna arbeidsgrupper
030/17	Prosjektleiar / rådmann i Ullensvang kommune – prosess
031/17	Møteplan våren 2018
032/17	Partssamarbeid om digital kompetanse

026/17 Sak: Godkjenning av protokoll

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda godkjenner protokoll frå førre møte.

Utvalet godkjenner innkallinga til møtet i dag og vel Amund Velure og Anne Marit

Buer til å skrive under møteboka frå møtet i dag.

prosjektleiar Ingjerd Astad

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Prosjektleiar sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FN - 026/17 Vedtak:

Fellesnemnda godkjenner protokoll frå førre møte.

Utvalet godkjenner innkallinga til møtet i dag og vel Amund Velure og Anne Marit

Buer til å skrive under møteboka frå møtet i dag.

027/17 Sak: Investeringsprosjekt i kommunane

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda tar saka til orientering, og ber om at større prosjekter som vil strekkja seg ut over 2020 blir sendt nemnda til uttale før politisk handsaming i eigen kommune.

Prosjektleder Ingjerd Astad

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Prosjektleder sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FN - 027/17 Vedtak:


Fellesnemnda tar saka til orientering, og ber om at større prosjekter som vil strekkja seg ut over 2020 blir sendt nemnda til uttale før politisk handsaming i eigen kommune.

028/17 Sak: Hovudstruktur arbeidsgrupper for samanslåingsprosjektet

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Det blir oppretta følgjande hovudstruktur for arbeidsgrupper i samanslåingsprosjektet for Ullensvang kommune:



Det blir oppretta følgjande politiske grupper med leiar, nestleiar, og medlemmer:

POLITISK HOVEDSTRUKTUR:

- Leiar:
- Nestleiar:
- Medlemmer:

INNBYGGJARINVOLVERING I SAMANSLÅINGS-PROSJEKTET

- Leiar:
- Nestleiar:
- Medlemmer:

KULTUR OG IDENTITET I KOMMUNESAMFUNNET:

- Leiar:
- Nestleiar:
- Medlemmer:

SYMBOL FOR ULLENSVANG KOMMUNE:

- Leiar:
- Nestleiar:
- Medlemmer:

POLITISK REGLEMENT FOR ULLENSVANG KOMMUNE:

- Leiar:
- Nestleiar:

Medlemer:

Dei politiske arbeidsgruppene rapporterer til fellesnemnda.

Det blir oppretta følgjande koordinerte arbeidsgrupper:

- **KOMMUNEPLAN**
- **ARBEIDSGJEVARPOLITIKK**
- **NÆRING, SAMFUNN OG EIGEDOM**
- **ØKONOMISK POLITIKK OG ØKONOMIREGLEMENT**
- **FOREBU KOMMUNEVALET 2019**
- **EIGARSKAP OG INTERKOMMUNALT SAMARBEID**
- **DELEGERINGSREGLEMENT**

Fellesnemnda vel leiar, nestleiar og medlemer i følgjande av desse gruppene:

.....

Prosjektleiar får fullmakt til å utnemne dei administrative representantane. Tillitsvalte og hovudverneombod vel sjølve sine representantar i dei gruppene der dei skal ta del.

Dei koordinerte arbeidsgruppene rapporterer til prosjektleiar.

Det blir oppretta følgjande administrative arbeidsgrupper:

- **ADMINISTRATIV ORGANISERING, STABSFUNKSJONER OG UTVIKLING AV ORGANISASJONEN**
- **OPPVEKST OG UTDANNING**
- **HELSE OG OMSORG**
- **TEKNISKE TJENESTER**
- **KULTUR OG INNBYGGJARINTERAKSJON**

Prosjektleiar får fullmakt til å utnemne leiar, nestleiar og medlemer til desse arbeidsgruppene.

I dei administrative arbeidsgruppene der det skal være representantar frå tillitsvalte og hovudverneombod, vel dei sine representantar sjølve.

De administrative arbeidsgruppene rapporterer til prosjektleiar.

Prosjektleiar Ingjerd Astad,

05.12.2017 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå dei tillitsvalde:

Tillitsvalde er representerte med 2 hovudtillitsvalde i kvar av dei overordna arbeidsgruppene (Kan justerast etter behov).

- koordinerte grupper
 - administrative grupper
- Det skal vere tillitsvalde representerte i undergruppene (Etter behov).


Røysting:

Fellesframlegget frå dei tillitsvalde vart samrøystes vedteke. Framlegget frå prosjektleiar vart samrøystes vedteke.

PSU - 015/17 Vedtak:

Tilråding:

Det blir oppretta følgjande hovudstruktur for arbeidsgrupper i samanslåingsprosjektet for Ullensvang kommune:



Det blir oppretta følgjande politiske grupper med leiar, nestleiar, og medlemer:

POLITISK HOVUDSTRUKTUR:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemer:

INNBYGGJARINVOLVERING I SAMANSLÅINGSPROSJEKTET

Leiar:

Nestleiar:
Medlemer:

KULTUR OG IDENTITET I KOMMUNESAMFUNNET:

Leiar:
Nestleiar:
Medlemer:

SYMBOL FOR ULLENSVANG KOMMUNE:

Leiar:
Nestleiar:
Medlemer:

POLITISK REGLEMENT FOR ULLENSVANG KOMMUNE:

Leiar:
Nestleiar:
Medlemer:

Dei politiske arbeidsgruppene rapporterer til fellesnemnda.

Det blir oppretta følgjande koordinerte arbeidsgrupper:

- **KOMMUNEPLAN**
- **ARBEIDSGJEVARPOLITIKK**
- **NÆRING, SAMFUNN OG EIGEDOM**
- **ØKONOMISK POLITIKK OG ØKONOMIREGLEMENT**
- **FOREBU KOMMUNEVALET 2019**
- **EIGARSKAP OG INTERKOMMUNALT SAMARBEID**
- **DELEGERINGSREGLEMENT**

Fellesnemnda vel leiar, nestleiar og medlemer i følgjande av desse gruppene:

.....

Prosjektleiar får fullmakt til å utnemne dei administrative representantane. Tillitsvalte og hovudverneombod vel sjølve sine representantar i dei gruppene der dei skal ta del.

Dei koordinerte arbeidsgruppene rapporterer til prosjektleiar.

Det blir oppretta følgjande administrative arbeidsgrupper:

- **ADMINISTRATIV ORGANISERING, STABSFUNKSJONER OG UTVIKLING AV ORGANISASJONEN**
- **OPPVEKST OG UTDANNING**
- **HELSE OG OMSORG**
- **TEKNISKE TJENESTER**
- **KULTUR OG INNBYGGJARINTERAKSJON**

Prosjektleiar får fullmakt til å utnemne leiar, nestleiar og medlemer til desse

arbeidsgruppene.

I dei administrative arbeidsgruppene der det skal være representantar frå tillitsvalte og hovudverneombod, vel dei sine representantar sjølve.

De administrative arbeidsgruppene rapporterer til prosjektleiar.

Tillitsvalde er representerte med 2 hovudtillitsvalde i kvar av dei overordna arbeidsgruppene (Kan justerast etter behov).

- koordinerte grupper

- administrative grupper

Det skal vere tillitsvalde representerte i undergruppene (Etter behov).

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå Terje Kollbotn, Rødt:

Det blir vald 1 representant frå kvar kommune i dei politiske gruppene.

Framlegg frå Hildegunn Espe, Sp:

Talet på politiske grupper blir redusert ved å slå saman:

1. "Politisk hovudstruktur" og "Politisk reglement for Ullensvang" til "Politisk hovudstruktur og politisk reglement"
2. "Kultur og identitet i kommunesamfunnet" og "Symboler for Ullensvang kommune" til "Kultur og identitet i Ullensvang kommune"

Framlegg frå Eivind Tokheim, V:

Politisk gruppe for Politisk hovudstruktur og reglement får 5 medlemer, 2 medl. frå Odda, 2 frå Ullensvang og 1 frå Jondal.

Røysting:

Framlegget frå Hildegunn Espe vart samrøystes vedteke.


Framlegget frå Terje Kollbotn vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Eivind Tokheim fekk 8 røyster og fall, 11 røysta mot.

Tilrådinga frå PSU med endringar vedteke ovanfor vart samrøystes vedteke.

FN - 028/17 Vedtak:

Det blir oppretta følgjande hovudstruktur for arbeidsgrupper i samanslåingsprosjektet for Ullensvang kommune:



POLITISKE ARBEIDSGRUPPER

Det blir oppretta følgjande politiske grupper med leiar, nestleiar, og medlemmer:
POLITISK HOVEDSTRUKTUR OG POLITISK REGLEMENT:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemer:

INNBYGGJARINVOLVERING I SAMANSLÅINGSPROSJEKTET:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemer:

KULTUR OG IDENTITET I ULLENSVANG KOMMUNE:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemer:

Det blir vald 1 representant frå kvar kommune i dei politiske gruppene
 Dei politiske arbeidsgruppene rapporterer til fellesnemnda.

KOORDINERTE ARBEIDSGRUPPER

Det blir oppretta følgjande koordinerte arbeidsgrupper:

- **KOMMUNEPLAN**

- ARBEIDSGJEVARPOLITIKK
- NÆRING, SAMFUNN OG EIGEDOM
- ØKONOMISK POLITIKK OG ØKONOMIREGLEMENT
- FOREBU KOMMUNEVALET 2019
- EIGARSKAP OG INTERKOMMUNALT SAMARBEID
- DELEGERINGSREGLEMENT

Tillitsvalde er representerte med 2 hovudtillitsvalde i kvar av dei overordna koordinerte arbeidsgruppene (Kan justerast etter behov). Det skal vere tillitsvalde representerte i undergruppene (Etter behov).

Fellesnemnda vel leiar, nestleiar og medlemmer i følgjande av desse gruppene:

.....

Prosjektleiar får fullmakt til å utnemne dei administrative representantane.

Tillitsvalte og hovudverneombod vel sjølve sine representantar i dei gruppene der dei skal ta del.

Dei koordinerte arbeidsgruppene rapporterer til prosjektleiar.

ADMINISTRATIVE ARBEIDSGRUPPER

Det blir oppretta følgjande administrative arbeidsgrupper:

- ADMINISTRATIV ORGANISERING, STABSFUNKSJONER OG UTVIKLING AV ORGANISASJONEN
- OPPVEKST OG UTDANNING
- HELSE OG OMSORG
- TEKNISKE TJENESTER
- KULTUR OG INNBYGGJARINTERAKSJON

Prosjektleiar får fullmakt til å utnemne leiar, nestleiar og medlemmer til desse arbeidsgruppene.

Tillitsvalde er representerte med 2 hovudtillitsvalde i kvar av dei overordna administrative arbeidsgruppene (Kan justerast etter behov). Det skal vere tillitsvalde representerte i undergruppene (Etter behov).

I dei administrative arbeidsgruppene der det skal være representantar frå tillitsvalte og hovudverneombod, vel dei sine representantar sjølve.

Dei administrative arbeidsgruppene rapporterer til prosjektleiar.

029/17 Sak: Mandat for overordna arbeidsgrupper

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Mandat for overordna arbeidsgrupper

Felles rammer

Gruppene skal, innafor sine ansvarsområde, utføre sitt arbeid i høve til dei føringar som er lagde i intensjonsavtalen, gjeldande lover, forskrifter, avtaleverk og vedtak fatta i fellesnemnda og PSU.

Politiske arbeidsgrupper er organisatorisk direkte underlagde fellesnemnda.

Administrative og koordinerte grupper er organisatorisk direkte underlagde prosjektleiar.

Organisering

Inndeling i ansvarsområde for dei overordna arbeidsgruppene blir vedteke av fellesnemnda.

Organisasjon

Gruppene skal sjå til at aktivitetane innafor sine ansvarsområde i den nye kommunen blir organiserte i føremålstenelege einingar, med tilstrekkeleg og god kompetanse i alle ledd.

Etter at kommunen sin overordna verksemdsstruktur er lagt, skal dei overordna arbeidsgruppene vurdere og kome med forslag til organisering innafor sine ansvarsområde. Det skal, jfr. intensjonsavtalen, spesielt vurderast mogleg aktivitet i rådhusa i Jondal og Kinsarvik.

Undergrupper

Dei overordna arbeidsgruppene kan opprette undergrupper for å utgreie og/eller arbeide med avgrensa oppgåver. Dei momenta som ligg i dei overordna gruppene sitt mandat skal også vidareførast i evt. undergrupper i den grad det er relevant for dei einskilde undergruppene sitt arbeid.

Tilsette

Tilsette sine rettar etter lov, forskrift og avtaleverk skal vere i fokus i det arbeidet som gruppene skal gjennomføre i samband med etablering av den nye organisasjonen.

Innbyggjar- og brukarinvolvering

Arbeidsgruppene skal, innafor sine ansvarsområde, vurdere om innbyggjarar og brukarar kan involverast i gruppa sitt arbeid i prosjektfasen. Arbeidsgruppene skal, innafor sine ansvarsområde, også vurdere om det er føremålstenleg å etablere faste ordningar for innbyggjar og brukarinvolvering i den nye kommunen.

IKT/digitalisering

Arbeidsgruppene skal sjå til at dei fagsystem som blir valde er samordna, både internt innan ansvarsområda, men også sett i samanheng med kommunen sine fellesløysingar innan IKT. I alt arbeid skal gruppene søkje å oppnå høg grad av gode digitale tenester innan sine ansvarsområde. Dette gjeld internt, mot innbyggjarane og publikum elles.

Interkommunalt samarbeid

Gruppa skal kartlegge etablerte interkommunale samarbeid innafor sine ansvarsområde. Gruppene skal også kome med forslag til evt avvikling, vidareføring

og trong for nye samarbeid.

Rapportering

Politiske arbeidsgrupper rapporterer til fellesnemnda.

Administrative og koordinerte grupper rapporterer til prosjektleiar.

Evt. undergrupper rapporterer til overordna gruppe sin leiar.

Prosjektleiar Ingjerd Astad

05.12.2017 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå Jon Larsgard, Sp:

Arbeidsgruppene forhold seg til tidsfristar og fasar slik saksutgreiinga skisserer.

Røysting:

Framlegget frå prosjektleiar med tillegg i framlegg frå Jon Larsgard vart samrøystes vedteke.

PSU - 016/17 Vedtak:

Tilråding:

Mandat for overordna arbeidsgrupper

Felles rammer

Gruppene skal, innafor sine ansvarsområde, utføre sitt arbeid i høve til dei føringar som er lagde i intensjonsavtalen, gjeldande lover, forskrifter, avtaleverk og vedtak fatta i fellesnemnda og PSU.

Politiske arbeidsgrupper er organisatorisk direkte underlagde fellesnemnda.

Administrative og koordinerte grupper er organisatorisk direkte underlagde prosjektleiar.

Organisering

Inndeling i ansvarsområde for dei overordna arbeidsgruppene blir vedteke av fellesnemnda.

Organisasjon

Gruppene skal sjå til at aktivitetane innafor sine ansvarsområde i den nye kommunen blir organiserte i føremålstenelege einingar, med tilstrekkeleg og god kompetanse i alle ledd.

Etter at kommunen sin overordna verksemdsstruktur er lagt, skal dei overordna arbeidsgruppene vurdere og kome med forslag til organisering innafor sine ansvarsområde. Det skal, jfr. intensjonsavtalen, spesielt vurderast mogleg aktivitet i rådhusa i Jondal og Kinsarvik.

Undergrupper

Dei overordna arbeidsgruppene kan opprette undergrupper for å utgreie og/eller arbeide med avgrensa oppgåver. Dei momenta som ligg i dei overordna gruppene sitt mandat skal også vidareførast i evt. undergrupper i den grad det er relevant for dei

einskilde undergruppene sitt arbeid.

Tilsette

Tilsette sine rettar etter lov, forskrift og avtaleverk skal vere i fokus i det arbeidet som gruppene skal gjennomføre i samband med etablering av den nye organisasjonen.

Innbyggjar- og brukarinvolvering

Arbeidsgruppene skal, innafør sine ansvarsområde, vurdere om innbyggjarar og brukarar kan involverast i gruppa sitt arbeid i prosjektfasen. Arbeidsgruppene skal, innafør sine ansvarsområde, også vurdere om det er føremålstenleg å etablere faste ordningar for innbyggjar og brukarinvolvering i den nye kommunen.

IKT/digitalisering

Arbeidsgruppene skal sjå til at dei fagsystem som blir valde er samordna, både internt innan ansvarsområda, men også sett i samanheng med kommunen sine fellesløysingar innan IKT. I alt arbeid skal gruppene søkje å oppnå høg grad av gode digitale tenester innan sine ansvarsområde. Dette gjeld internt, mot innbyggjarane og publikum elles.

Interkommunalt samarbeid

Gruppa skal kartlegge etablerte interkommunale samarbeid innafør sine ansvarsområde. Gruppene skal også kome med forslag til evt avvikling, vidareføring og trong for nye samarbeid.

Rapportering

Politiske arbeidsgrupper rapporterer til fellesnemnda.
Administrative og koordinerte grupper rapporterer til prosjektleiar.
Evt. undergrupper rapporterer til overordna gruppe sin leiar.

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå PSU vart samrøystes vedteke.

FN - 029/17 Vedtak:

Mandat for overordna arbeidsgrupper

Felles rammer

Gruppene skal, innafør sine ansvarsområde, utføre sitt arbeid i høve til dei føringar som er lagde i intensjonsavtalen, gjeldande lover, forskrifter, avtaleverk og vedtak fatta i fellesnemnda og PSU.

Politiske arbeidsgrupper er organisatorisk direkte underlagde fellesnemnda.
Administrative og koordinerte grupper er organisatorisk direkte underlagde

prosjektleiar.

Organisering

Inndeling i ansvarsområde for dei overordna arbeidsgruppene blir vedteke av fellesnemnda.

Organisasjon

Gruppene skal sjå til at aktivitetane innafør sine ansvarsområde i den nye kommunen blir organiserte i føremålstenelege einingar, med tilstrekkeleg og god kompetanse i alle ledd.

Etter at kommunen sin overordna verksemdsstruktur er lagt, skal dei overordna arbeidsgruppene vurdere og kome med forslag til organisering innafør sine ansvarsområde. Det skal, jfr. intensjonsavtalen, spesielt vurderast mogleg aktivitet i rådhusa i Jondal og Kinsarvik.

Undergrupper

Dei overordna arbeidsgruppene kan opprette undergrupper for å utgreie og/eller arbeide med avgrensa oppgåver. Dei momenta som ligg i dei overordna gruppene sitt mandat skal også vidareførast i evt. undergrupper i den grad det er relevant for dei einskilde undergruppene sitt arbeid.

Tilsette

Tilsette sine rettar etter lov, forskrift og avtaleverk skal vere i fokus i det arbeidet som gruppene skal gjennomføre i samband med etablering av den nye organisasjonen.

Innbyggjar- og brukarinvolvering

Arbeidsgruppene skal, innafør sine ansvarsområde, vurdere om innbyggjarar og brukarar kan involverast i gruppa sitt arbeid i prosjektfasen. Arbeidsgruppene skal, innafør sine ansvarsområde, også vurdere om det er føremålstenleg å etablere faste ordningar for innbyggjar og brukarinvolvering i den nye kommunen.

IKT/digitalisering

Arbeidsgruppene skal sjå til at dei fagsystem som blir valde er samordna, både internt innan ansvarsområda, men også sett i samanheng med kommunen sine fellesløysingar innan IKT. I alt arbeid skal gruppene søkje å oppnå høg grad av gode digitale tenester innan sine ansvarsområde. Dette gjeld internt, mot innbyggjarane og publikum elles.

Interkommunalt samarbeid

Gruppa skal kartlegge etablerte interkommunale samarbeid innafør sine ansvarsområde. Gruppene skal også kome med forslag til evt avvikling, vidareføring og trong for nye samarbeid.

Rapportering

Politiske arbeidsgrupper rapporterer til fellesnemnda.

Administrative og koordinerte grupper rapporterer til prosjektleiar.

Evt. undergrupper rapporterer til overordna gruppe sin leiar.

Arbeidsgruppene forhold seg til tidsfristar og fasar slik saksutgreiinga skisserer.

030/17 Sak: Prosjektleder / rådmann i Ullensvang kommune – prosess

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

- Fellesnemnda for Ullensvang kommune tilset fast prosjektleder / rådmann for den nye kommunen med fast tilsetning frå seinast 1. august 2018.
- Stillinga som prosjektleder / rådmann for den nye kommunen blir lyst ut eksternt. Dette ut frå dei kriterier som er nemnde i saksutgreiinga.
- Det blir oppretta eit tilsetningsutval som består av arbeidsutvalet for Ullensvang kommune, samt ein hovudtillitsvalt valt av og mellom dei tillitsvalte i partssamansett utval.
- Tilsetningsutvalet får mynde til å hente inn tilbod frå minimum tre eksterne konsulentmiljø, som har ekspertise på rekruttering frå tilsvarande prosessar. Vidare får tilsetningsutvalet mynde til å inngå avtale med eksternt rekrutteringsfirma og starte prosessen med tilsetning av prosjektleder / rådmann i Ullensvang kommune.
- Tilsetningsutvalet får mynde til å gjennomføre prosessen etter tidsplan som vis nedanfor og fortløpande vurdere behovet for å involvere partssamansett utval og fellesnemnda:
 - 20. desember: Endeleg avklaring av om det ligg føre eventuelle rettskrav.
 - 3. januar: Anbudsdokument klart til utsending til rekrutteringsfirma.
 - 24. januar: Tildeling av kontrakt med valt rekrutteringsfirma.
 - 2. februar: Endeleg stillingsbeskriving ligg føre og blir annonsert.
 - 16. mars: Søknadsfrist på stillinga.
 - 17. april: Innstilling av kandidat blir lagt fram for partssamansett utval. Utvalet vedtek si tilråding av kandidat, som så blir sendt vidare til fellesnemnda.
 - 27. april: Innstilling av kandidat blir lagt fram for fellesnemnda, som gjer det endelege valet av kandidat til stillinga som prosjektleder / rådmann for den nye kommunen.

Prosjektleder Ingjerd Astad

05.12.2017 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå Kjellaug Ystanes, Fagforbundet:

Fagforbundet, Delta, NSF, NITO, Utdanningsforbundet og Naturviterne frå Ullensvang herad meiner at det bør vera eksternt utlysing av prosjektlederstillinga, og at det ikkje skal søkjast etter/tilsetjast rådmann no.

Utllysing av rådmannsstilling bør skje med eksternt utlysing - tilsetjing med oppstart i stillinga per 01.08.2019. Dersom den som er tilsett som prosjektleder ynskjer å søkja rådmannsstillinga i Ullensvang kommune då, så vil den personen ha "vist" kva den står for,

og ein vil ha eit godt grunnlag for å vurdere den personen for evt tilsetjing som rådmann.

Framlegg frå Solfrid Borge, Sp:

Endring av 3. kulepkt. i framlegget frå prosjektleiar:

..... Ullensvang kommune, samt to tillitsvalde valt av og mellom dei tillitsvalde i partssamansett utval.

Røysting:

Framlegget frå Kjellaug Ystanes fekk 1 røyst og fall.

Framlegget frå Solfrid Borge vart vedteke med 14 røyster, 1 røysta mot.

Framlegget frå prosjektleiar med endring i framlegget frå Solfrid Borge vart samrøystes vedteke.

PSU - 017/17 Vedtak:

Tilråding:

- Fellesnemnda for Ullensvang kommune tilset fast prosjektleiar / rådmann for den nye kommunen med fast tilsetjing frå seinast 1. august 2018.
- Stillinga som prosjektleiar / rådmann for den nye kommunen blir lyst ut eksternt. Dette ut frå dei kriterier som er nemnde i saksutgreiinga.
- Det blir oppretta eit tilsettingsutval som består av arbeidsutvalet for Ullensvang kommune, samt to tillitsvalde valt av og mellom dei tillitsvalde i partssamansett utval.
- Tilsettingsutvalet får mynde til å hente inn tilbod frå minimum tre eksterne konsulentmiljø, som har ekspertise på rekruttering frå tilsvarande prosessar. Vidare får tilsettingsutvalet mynde til å inngå avtale med eksternt rekrutteringsfirma og starte prosessen med tilsetjing av prosjektleiar / rådmann i Ullensvang kommune.
- Tilsettingsutvalet får mynde til å gjennomføre prosessen etter tidsplan som vis nedanfor og fortløpande vurdere behovet for å involvere partssamansett utval og fellesnemnda:
 - 20. desember: Endeleg avklaring av om det ligg føre eventuelle rettskrav.
 - 3. januar: Anbodsdokument klart til utsending til rekrutteringsfirma.
 - 24. januar: Tildeling av kontrakt med valt rekrutteringsfirma.
 - 2. februar: Endeleg stillingsbeskriving ligg føre og blir annonsert.
 - 16. mars: Søknadsfrist på stillinga.
 - 17. april: Innstilling av kandidat blir lagt fram for partssamansett utval. Utvalet vedtek si tilråding av kandidat, som så blir sendt vidare til fellesnemnda.
 - 27. april: Innstilling av kandidat blir lagt fram for fellesnemnda, som gjer det endelege valet av kandidat til stillinga som prosjektleiar / rådmann for den nye kommunen.

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå Roald Aga Haug, Ap:

Pkt i tidsplanen

"17. april: Innstilling av kandidat blir lagt fram for partssamansett utval. Utvalet vedtek si tilråding av kandidat, som så blir sendt vidare til fellesnemnda" går ut.

Røysting:

Framlegget frå Roald Aga Haug vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå PSU vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå prosjektleiar, med endringar vedteke ovanfor vart samrøystes vedteke.

FN - 030/17 Vedtak:

- Fellesnemnda for Ullensvang kommune tilset fast prosjektleiar / rådmann for den nye kommunen med fast tilsetting frå seinast 1. august 2018.
- Stillinga som prosjektleiar / rådmann for den nye kommunen blir lyst ut eksternt. Dette ut frå dei kriterier som er nemnde i saksutgreiinga.
- Det blir oppretta eit tilsettingsutval som består av arbeidsutvalet for Ullensvang kommune, samt to hovudtillitsvalde valt av og mellom dei tillitsvalte i partssamansett utval.
- Tilsettingsutvalet får mynde til å hente inn tilbud frå minimum tre eksterne konsulentmiljø, som har ekspertise på rekruttering frå tilsvarande prosessar. Vidare får tilsettingsutvalet mynde til å inngå avtale med eksternt rekrutteringsfirma og starte prosessen med tilsetting av prosjektleiar / rådmann i Ullensvang kommune.
- Tilsettingsutvalet får mynde til å gjennomføre prosessen etter tidsplan som visT nedanfor og fortløpande vurdere behovet for å involvere partssamansett utval og fellesnemnda:
 - 20. desember: Endeleg avklaring av om det ligg føre eventuelle rettskrav.
 - 3. januar: Anbudsdokument klart til utsending til rekrutteringsfirma.
 - 24. januar: Tildeling av kontrakt med valt rekrutteringsfirma.
 - 2. februar: Endeleg stillingsbeskriving ligg føre og blir annonsert.
 - 16. mars: Søknadsfrist på stillinga.
 - 27. april: Innstilling av kandidat blir lagt fram for fellesnemnda, som gjer det endelege valet av kandidat til stillinga som prosjektleiar / rådmann for den nye kommunen.

031/17 Sak: Møteplan våren 2018

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Møtekalender våren 2018 blir som følgjer:

Partssamansett utval	Fellesnemnda
tysdag 23.01.2018	fredag 02.02.2018
tysdag 13.03.2018	fredag 16.03.2018
tysdag 17.04.2018	fredag 27.04.2018
tysdag 05.06.2018	fredag 15.06.2018

Prosjektleder Ingjerd Astad,

05.12.2017 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå prosjektleder:

Tilrådinga blir endra:

Møte i PSU tysdag 13.03.2017 blir endra til 06.03.2018.

Møte i fellesnemnda 16.03.2017 blir endra til 09.03.2018.

Røysting:

Framlegget frå prosjektleder med endring lagt fram i møtet vart samrøystes vedteke.

PSU - 018/17 Vedtak:

Tilråding:

Partssamansett utval	Fellesnemnda
tysdag 23.01.2018	fredag 02.02.2018
tysdag 06.03.2018	fredag 09.03.2018
tysdag 17.04.2018	fredag 27.04.2018
tysdag 05.06.2018	fredag 15.06.2018

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Framlegg frå Hildegunn Espe, Sp:

Fredagane blir endra til tysdagane veka etter PSU.

Framlegg frå Roald Aga Haug, Ap:

For møte i fellesnemnda: fredag 02.02.2018 blir endra til 09.02.2018.

Røysting:

Tilrådinga frå PSU, med endring i framlegget frå Roald Aga Haug, vart vedteke med 16 røyster. Framlegget frå Hildegunn Espe fekk 2 røyster og fall.

FN - 031/17 Vedtak:

Møtekalender våren 2018 blir som følger:

Partssamansett utval	Fellesnemnda
tysdag 23.01.2018	fredag 09.02.2018
tysdag 06.03.2018	fredag 09.03.2018
tysdag 17.04.2018	fredag 27.04.2018
tysdag 05.06.2018	fredag 15.06.2018

032/17 Sak: Partssamarbeid om digital kompetanse

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda tek saka til orientering og støttar søknaden.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

06.12.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå prosjektleder vart samrøystes vedteke.

FN - 032/17 Vedtak:

Fellesnemnda tek saka til orientering og støttar søknaden.